

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Digitalt på Teams
Dato: 24.03.2021
Tidspunkt: 10:00-12:00

Velkomen til det andre møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2021!

På grunn av koronasituasjonen i Vestland vert også dette styremøtet gjennomført digitalt på Teams.

Eventuelt forfall må meldast snarast på til forvaltar Tor Arne på tlf. 90 19 24 71 eller Marthe på tlf. 91 71 95 51. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing
Tor Arne Hauge og Marthe Gjerde
Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 9/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 10/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 11/21	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorferdsel og vedhogst på Bødalsetra 2021-2024 - Bødal sameige		2021/3992
ST 12/21	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til utviding og oppgradering av utsiktsplass ved enden av turveg i Kjenndalen i Stryn kommune		2020/14531
ST 13/21	Delegerte saker		
DS 2/21	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve for ferdsel med snøscooter og utvida feltperiode for radarmåling i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet		2019/8670
ST 14/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 8/21	Referat møte i Fjærland 1. mars		2019/6338
RS 9/21	Basiskartlegging i Vestland 2021 (8-VL) - Erdalen og Bødalen		2021/3732

ST 9/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 10/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2021/3992-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 15.03.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	11/21	24.03.2021

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorferdsel og vedhogst på Bødalssetra 2021-2024 - Bødal sameige

Innstilling frå forvaltar

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV, punkt 4.3, 1. og 2. strekpunkt, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Bødal sameige v/ Erik Bødal til motorferdsel til Bødalssetra på følgjande vilkår:

- Inntil 28 turar med motorkøyretøy på barmark i løpet av kvar barmarkssesong frå og med 2021 til og med 2024 med det føremål å frakte gjerdematerial, vedlikehaldsmaterial, hente ut sjuke beitedyr og drive plukkhogst/rydde kratt.
- Den motoriserte ferdsla skal følgje køyresporet fram til der køyresporet stoppar før setervollen, eller varsamt spreidd på innmarka der det trengst for beiterydding og plukkhogst.
- Det skal ikkje køyrast på dagar med mykje nedbør og/eller blaut mark.
- Køytinga bør ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdag og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Køytinga gjeld for inntil to turar i veka, jf. skjøtselsplanen, men dette kravet kan de sjå bort i frå i travle periodar for husdyrhaldet så fram sameiget ikkje overstig det totale tal turar i løpet av sesongen.
- Berre registrerte køyretøy oppført i lista nemnt under saksopplysningar i denne saka kan nyttast ved køyting til Bødalssetra. Dersom andre køyretøy skal nyttast må det gjevast melding til nasjonalparkforvaltninga på førehand.
- Ved køyting skal stengsla ved parkeringsplassen alltid setjast på plass att etter passering til eller frå Bødalssetra.
- Kvar grunneigar/husdyreigar har ansvar for å ta med seg kopi av dette løyvet under ferdsla i tilfelle kontroll.
- Bødal sameige må sende ei oversikt til nasjonalparkforvaltninga over tal turar, kva dagar de har køyrt og føremålet med køytinga innan 1. november kvart år.

Nasjonalparkstyret gjer elles merksam på at vanleg vedlikehald på sel og fjøs er positivt og bidreg til å oppretthalde det flotte setermiljøet på Bødalssetra. Dersom enkelte grunneigarar ønskjer å byggje om, utvide eller endre bygningar må dette handsamast av nasjonalparkstyret jamfør verneforskrifta. Dersom det er trong for motorferdsle grunna større vedlikehaldsprosjekt på bygningsmassen på Bødalssetra skal dette søkjast om i eigen søknad.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark – nettutgåve, mars 2002
- Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark, 2001
- Styresak 21/17 - Jostedalsbreen nasjonalpark – løyve til motorferdsel og vedhogst på Bødalsseter 2017-2020 – Bødalen sameige
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Bødal sameige v/ Erik Bødal søkte 06.03.2021 om vidareføring av eksisterande løyve til motorferdsel til Bødalssetra. Søkjar nytta elektronisk søknadsskjema ved innsending av søknad.

Det vert søkt om løyve i perioden 01.01.2021 til 31.12.2024.

Føremålet med motorferdsla er i samband med beitebruk, forsyningar til hytte og stolar, material til bygningsarbeid, uttransport i samband med jakt og anna.

Søknaden gjeld bruk av ATV, traktor og bil. Det er ført opp 7 registreringsnummer på bilar, 2 registreringsnummer på ATV-ar og 6 registreringsnummer på traktorar som er tenkt nytta til transporten. Det er og ført opp ein førar for kvar av desse køyretøya.

	<u>Reg.nr</u>	<u>Førar</u>
<u>Bil</u>		
1	UA32901	Erik Bødal
2	XR48401	Leif Arne Bødal
3	DP10994	Dag Greidung
4	SU77716	Dag Greidung
5	SV79420	Bjørn Mork
6	UX48809	Charlotte Beinnes
7	UA36707	Rolf Olav Tenden
<u>ATV</u>		
1	HP8555	Arild Nesdal
2	UA7716	Erik Bødal
<u>Traktor</u>		
1	BB3943	Anders Kleppe
2	JW1999	Anders Kleppe
3	BB4424	Stig Tore Hoem
4	TX1236	Erik Bødal
5	UA5695	Magne Beinnes
6	RT1339	Rolf Olav Tenden

Det vert søkt om til saman inntil 28 turar per år, 14 med bil, 8 med ATV og 6 med traktor.



Bakgrunn

Bødalen er ein sidedal til Lodalen i Stryn kommune. Då nasjonalparken vart oppretta i 1991 vart dei tre Strynedalane Bødalen, Erdalen og Sunndalen innlemma i område med rikspolitiske retningslinjer. I 1998 vart disse seterdalane innlemma i resten av nasjonalparken. Tunstrukturen på Bødalssetra, saman med at sela har tradisjonell utforming, gjer at bygningsmiljøet har stor verdi. Eit område på Bødalssetra er i Naturbase registrert som viktig naturbeitemark.



Det er privat bilveg med bompengar inn Bødalen til parkering rett nord for Huldefossen. Vidare inn mot Bødalssetra er det køyrespor som er markert stengt for motorferdsel med to skilt der køyresporet startar i enden av parkeringsplassen. Når køyretøy skal passere dette punktet må skilta løftast til sides.





Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav 19.06.2017 Bødal sameige følgjande fleirårige løyve til motorferdsel og vedhogst på Bødalsetra for åra 2017-2020:

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV, punkt 4.3, 1. og 2. strekpunkt, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Bødalen sameige v/ Erik Bødal til motorferdsel til Bødalseter på følgjande vilkår:

- *Inntil 28 turar med motorkøyretøy på barmark i løpet av kvar barmarkssesong frå og med 2017 til og med 2020 med det føremål å frakte gjerdematerial, vedlikeholdsmaterial, hente ut sjuke beitedyr og drive plukkhogst/rydde kratt.*
- *Den motoriserte ferdsla skal følgje køyresporet fram til der køyresporet stoppar før setervollen, eller varsamt spreidd på innmarka der det trengs for beiterydding og plukkhogst.*
- *Det skal ikkje køyrast på dagar med mykje nedbør og/eller blaut mark.*
- *Køyringa bør ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.*
- *Køyringa gjeld for inntil to turar i veka, jf. skjøtselsplanen, men dette kravet kan de sjå bort i frå i travle periodar for husdyrhaldet så fremt sameiget ikkje overstig det totale tal turar ila sesongen.*
- *Kva grunneigar/husdyreigar har ansvar for å ta med seg kopi av dette løyvet under ferdsla i tilfelle kontroll.*
- *Bødalen sameige må sende ei oversikt til nasjonalparkforvaltninga over tal turar, kva dagar de har køyrt og føremålet med køyringa innan 1. november kvart år.*

Nasjonalparkstyret gjer elles merksam på at vanleg vedlikehald på sel og fjøs er positivt og bidreg til å oppretthalde det flotte setermiljøet på Bødalseter. Dersom enkelte grunneigarar ønskjer å ombyggje, utvide eller endre bygningar må dette handsamast av nasjonalparkstyret jf. verneforskrifta. Dersom det er trong for motorferdsle grunna større vedlikehaldsprosjekt på bygningsmassen på Bødalseter kan dette søkjast om i eigen søknad.

Sakshandsamar ringte 19.02.21 Bødal sameige v/Erik Bødal for å spørje etter rapport for køyring til Bødalsetra for åra 2019 og 2020, og for å minne om at løyvet til motorferdsel no var utgått og måtte fornyast.

Nasjonalparkforvaltninga har motteke to rapportar over køyringa, ein for åra 2017 og 2018 og ein for åra 2019 og 2020.

Rapportane viser at det årlege talet på turar har vore mellom 7 og 10, som er monaleg mindre enn 28.

Opplysingar henta frå saksutgreiing i 2017

Det er ni grunneigarar som har sel på Bødalsetra. Dei har litt ulike behov for motorferdsle, avhengig av vedlikehald og aktivitet. Gardbrukarar som har dyr på beite har behov for å kunne nytte traktor til transport av gjerdematerell for å kunne reparere gjerder, hente sjuke dyr og anna landbruksrelatert aktivitet. Fleire av grunneigarane har ønskt å ta ut ved, og rydde kratt i randsona til setervollen. Til dette er det naturleg å nytte traktor. Veden vert nytta på setra og heime på gardane. Det er mest oreskog og anna lauvoppslag, og grunneigarane har nyttar «plukkhogstmetoden» på større tre enn krattrydding. Det er og ofte behov for småvedlikehald på vegen inn til setra i samband med flaum. Køyrevegen inn til setra har eksistert som traktorveg dei siste 50 åra.



Lovgrunnlag

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til *motorferdsle i samband med husdyrhald og vedhogst*, (første strekpunkt) og til *transport av material til hytter, klopper, m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer*, jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt.

I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

I den gamle forvaltningsplanen står det følgjande på side 58:

c) Dispensasjon til barmarkskøyring vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve.

Forvaltningsplanen stiller krav til at det skal rapporterast skriftleg til forvaltningsmyndet etter at motorferdsle i verneområdet har funne stad.

I skjøtselsplanen for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark frå 2001 står det m.a. i kapitlet om Bødalen (side 24 og 25):

Beiterydding

Beiterydding kan vere aktuelt i området, først og fremst i nærleiken av setra. Beiterydding krev løyve etter verneforskrifta pkt. IV, 2.3. Attgroing er eit problem, og det vil difor vere aktuelt å gje løyve til rydding av beite og beitestiar i nærleiken av setra.

Motorferdsel

Grunneigarane har behov for ei viss motorferdsel inn til Bødalsetra for transport av proviant, materialar, beitedyr ved sjukdom, vedlikehald av bygningar og anna. Det same gjeld for drift av teltplassen og DNT-hytta. Fylkesmannen meiner det vil vere rett å gje løyve til bruk av traktor/firehjulstrekkar 1 gong i veka til Bødalsetra og det same til drift av teltplassen (i snitt, må truleg vere meir fleksibelt). Løyvet vil gjelde naudsynt transport (må utdjupast nærare), og bør gjevast som fleirårig løyve. Løyvet bør gjevast til Bødal Sameige, og vil kunne tene alle grunneigarane, fleirårige leigetakarar og til drift av teltplassen. Kvar og ein vil vere ansvarleg for sitt transportoppdrag, og at det vert loggført. Ved køyring må det skriftlege løyvet vere med. Eit løyve vil bli gjeve på vilkår om at ei årleg oversikt over samla transport vert sendt fylkesmannen. Det vil truleg vere fornuftig med informasjon ved P-plassen om kva som er lovleg køyring til Bødalsetra. Ved enden av parkeringsplassen bør det vere eit stengsel (kjetting) for å hindre uvedkomande å køyre inn til Bødalsetra. Fylkesmannen vil om naudsynt bidra økonomisk til tiltaket.

Tiltak som grunneigarane ønskjer og som vil kunne få løyve

(...)

- motortransport (traktor) til setra og teltplassen*
- motortransport i samband med sjuke beitedyr (melding i forkant eller etterkant som vilkår)*

Det er i verneforskrifta pkt. IV, 4.3. ikkje opna for å gje løyve til motorferdsel til uttransport i samband med jakt. Dette punktet må eventuelt handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen §48 i Lov om naturmangfald (nml).



Vurdering

Det er i tidlegare løyve gjeve 28 turar per år, noko som er i tråd med skjøtelsesplanen. Nasjonalparkforvaltar ser ikkje nokon grunn til å redusere talet på turar i løyvet, sjølv om erfaringa frå dei siste fire åra viser at det vanlegvis ikkje er trong for så mange turar.

Det er positivt om det vert gjort skjøtselstiltak som rydding av kratt og beiting i området rundt Bødalssetra, og forvaltninga ynskjer i utgangspunktet meir av denne type aktivitetar, sjølv om det kan innebere køyring med motorkøyretøy. Det er og positivt om kapasiteten til brecampen/teltplassen vert nytta meir i åra som kjem, då dette kan avlaste trykket på andre område i og rundt nasjonalparken. Vedlikehald av kulturlandskap med stølsbygningane er viktig for å ta vare på verneverdiane på Bødalssetra. Køyring i samband med mindre vedlikehaldsarbeid kan løysast innanfor eit fleirårig løyve, men er det større reparasjonar av bygningar som krev fleire turar kan det vere nødvendig med eige løyve.

Tiltaket vil føre til ein lågare belastning på økosystemet (jf. nml. § 10) dersom køyringa er avgrensa til det mest naudsynte, at køyringa følgjer køyresporet, og at det ikkje vert køyrt når marka er blaut. Køyrespora er tillaga med statlege midlar for å kunne få fram material og proviant til setra utan å lage spor i terrenget. Sjølv om det i forvaltningsplanen står at løyve til barmarkskøyning ikkje vil bli gitt, er det i skjøtelsesplanen opna for å køyre med traktor inntil to gonger i veka fram til Bødalssetra (både til sela og i samband med teltplassen).

Det er god kvalitet på dei køyrespora som vart tilrettelagt for nokre år sidan medan Fylkesmannen (no: Statsforvaltaren) hadde forvaltningsmyndet. Dersom sameiget held den motoriserte ferdsla på desse to tilrettelagte spora, under føresetnad at det ikkje er for blautt i marka, vil ikkje ferdsla kunne føre til fysiske spor på underlaget (nml §§ 9, 10 og 12). Køyretøy bør ikkje køyre inn på stølstunet (mellom bygningane), då det ikkje er like er like godt underlag på bakken (nml § 9). Noko spreidd køyring på innmarka i samband med gjerdevedlikehald og krattrydding og plukkhogst, så lenge det ikkje blir køyrt i same spor på blaut vegetasjon, vil også naturen kunne reparere fortløpande.

Forvaltar vurderer at motorisert ferdsle langs køyresporet til der køyresporet stoppar før setervollen, samt avgrensa køyring i samband med husdyrhald og vedhogst er i tråd med verneforskrifta, og innstiller positivt på dette. Det er likevel viktig å få ei oversikt over behovet over tid.

Naturmangfaldlova §48 4.ledd inneheld særskilde krav til søknader og grunngjeving av dispensasjonar etter §48. Nasjonalparkforvaltninga har ikkje nok dokumentasjon til å kunne handsame denne delen av søknaden på noverande tidspunkt. Punktet på søknaden som gjeld motorferdsel ved uttransport i samband med jakt vert difor tilrådd avslått i denne omgang. Forvaltninga tek kontakt med søkjar for å avklare om dei ynskjer å fremje dette som eigen søknad etter § 48.



Arkivsaksnr: 2020/14531-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 17.03.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	12/21	24.03.2021

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til utviding og oppgradering av utsiktsplass ved enden av turveg i Kjenndalen i Stryn kommune

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV punkt 1.3, 1.strekpunkt gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til å utvide og oppgradere utkikspunkt ved enden av turvegen i Kjenndalen i Stryn kommune. Arbeidet skal utførast i tråd med skisser utarbeida av Nordplan AS hausten 2020.

Løyvet omfattar:

- Etablering av ny utsiktsplass på ca 30 m² godt tilpassa terrenget på staden.
- Leggje til rette ny stiparsell mellom utsiktsplassane slik at det blir ei rundløype i enden av turvegen i Kjenndalen. Breidde på stien kan variere mellom 1,0 og 1,5 meter, tilpassa naturen på staden så godt som råd.
- Utviding av eksisterande utsiktsplass med inntil 20 m².
- Etablering av sitjeplassar/benkar på utkikspunkta og mellom turveg og morenekanten i aust.
- Oppsetjing av informasjonsskilt.
- Rydding av kratt og einskilde tre for å kome fram og for å gje godt utsyn frå utsiktslassen.

Det vert og gjeve løyve til nødvendig bruk av gravemaskin og motorisert transport av naudsynte grusmassar og utstyr for å få ny sti og utkiksplass på same standard som eksisterande sti og utkiksplass. Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.3, 2. strekpunkt.

Vilkår for løyvet:

- Alle tiltak skal tilpassast naturen på staden så godt som råd
- Både inngrep og motorferdsel skal skje i samråd med naturoppsyn og/eller nasjonalparkforvaltninga.
- Motorferdsel og inngrep skal haldast på eit minimum.



Saksopplysningar

Dokument i saka

- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Skisser som viser utforming av utsiktsplass- utarbeidd av Nordplan AS

Bakgrunn

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ønskjer å utvide utsiktsplassen ved enden av turvege i Kjenndalen. Restaureringa er planlagt gjennomført med utgangspunkt i skisser utarbeidd av Nordplan AS. Det er nasjonalparkforvaltninga sjølv som står bak tiltaka.

Denne type inngrep er søknadspliktig i nasjonalparken, jamfør verneforskrifta. At det er nasjonalparkforvaltninga sjølv som står bak inngrepa frittek dei ikkje frå sakshandsaming og kravet om dispensasjon/løyve. Gjennom sakshandsaming og eventuelt løyve får ein vurdert dei omsyna til naturmiljøet som skal vurderast, ein får vurdert miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova, ein får sett viktige vilkår til eit eventuelt løyve og ikkje minst så får ein eit vedtak som kan klagast på. Klageadgang på avgjerder som det offentlege gjer er ein viktig del av norsk forvaltningspraksis.


Kjenndalen har lange tradisjonar som turistattraksjon og har vore eit reisemål sidan slutten av 1800-talet. Kjenndalsbreen var på den tida ein av dei største turistattraksjonane i Nordfjord. Med båt på Lovatnet inn til enden av vatnet og hesteskyss vidare inn Kjenndalen mot breen.

Kjenndalsstova estimerer at det i dag er om lag 105 000 turistar, som besøker Kjenndalen årleg. Kor mange som går turvegen inn til utsiktspunktet årleg er usikkert, men i 2019 vart ferdsele registret med ferdselsteljar. Meir enn 30 000 vart då registret i turvegen inn mot utsiktspunktet.

Stien frå parkeringsplassen og inn mot utsiktspunktet vart i åra 2008-2010 lagt om på grunn av at elva skifta løp og tok deler av den gamle stifaret. I den samanheng vart stien utbetra til ein enkel turveg med ein utkiksplass vendt mot breen.

På grunn av stor rasfare er vegen inn Kjenndalen vinterstengt.

Lokale reiselivsaktørar og frå SNO har peika på at utsiktsplassen inst i Kjenndalen er for liten i høve den mengda folk som besøker staden. Det er vanleg at fleire bussgrupper besøker staden samstundes, t.d. i samband med anløp av cruiseskip i Olden. Då vert det trøngt om plassen og folk trekkjer ut i terrenget framfor utsiktsplassen. Dette har til dels gjeve nye og ukontrollerte ferdselsmønster framfor utsiktsplassen. Det har difor lenge vore ønskje om utviding og betre utforming av utsiktspunktet, slik at færre bevegar seg vidare innover i det sårbare landskapet i Kjenndalen.



Oversiktskart over Kjenndalen med utkiksplassen markert med blå sirkel.

Skisser til ny utsiktsplass

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fekk hausten 2020 utarbeidd ideskisser for korleis ei eventuell utviding og oppgradering av utkiksplassen kan utformast på ein skånsam måte for terrenget. På grunn av det manglande grunnlag for detaljkart i området er kartskissene grove. Ideskissene er difor dels teikna på flyfoto og bilete.



Skisse som illustrerer dagens plansituasjon ved utkiksplassen.




Dagens utsiktspunkt i bruk



Utkikspunkt med benk og tilkomstveg, dagens situasjon. (NB vidvinkelbilette 180°)

Nordplan AS fekk i oppdrag å utforme ei eller fleire ideskisser til utviding og utbetring av utsiktsplassen inst i Kjenndalen. På synfaring vart ulike løysingar drøfta. Det vart særleg sett på korleis ei utviding kan gjerast utan for store terrenginngrep og korleis trafikken av gåande kan organiserast betre i periodar med mange besøkande. Følgjande skisse til løysing vart levert av Nordplan.




Skisse av ny utkiksplass med rundkøyring utarbeidd av Nordplan (NB Vidvinkelbilette 180°)

Hovudtrekka i skissa er å etablere ei «rundkøyring» for dei gåande for å få betre flyt i straumen av folk. Det er tilpassa for å behalde mest mogeleg av eksisterande terreng generelt og spesielt ta vare på morenen, som dagens utkikspunkt ligg på.

Føreslegne tiltaka er, i prioritert rekkjefølgje:

1. Ny utsiktsplass med benk og nye stiar
2. Benkar langs sidemorena
3. Utviding av eksisterande utsiktsplass og ny benk
4. Etablering av sykkelparkering

Eksisterande utsiktsplass har ei flate på ca 30m². Ny utsiktsplass er på om lag 30m². Ei utviding av eksisterande utsiktsplass kan gje opp mot 20 m² ekstra flate. I tillegg vil benkane på morenekanten avlaste noko.



Planskisse for utviding av utsiktsplass Kjenndalen



Oversiktsskisse som viser ny situasjonsplan



Naturverdiar

Området der utsiktsplassen ligg er eit breforland med morenemassar med mykje stein i dalbotnen. Dalsidene er prega av rasvifter frå mange snø og steinras. Noverande utsiktsplass ligg dels oppå ein morenerygg. Vegetasjonsdekke er stort sett tynt, men bjørka er i ferd med å kle landskapet innover mot breen. Artssamansetjinga i området verkar å vere triviell.

Regelverk

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, mellom anna (...) bygging av vegar, (...) graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, (...) bakkeplanering (...) og liknande (verneforskrifta kap. IV, punkt 1.1). I punkt 1.2 står det at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast (...). I verneforskrifta kap. IV punkt 1.3 står følgjande: Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til: (1.strekpunkt) – byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnt under pkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området. Formuleringa m.m. inkluderer i denne konteksten den utsiktsplassen i enden av turvegen i Kjenndalen.

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken, jamfør verneforskrifta pkt. 4.1. Likevel er det opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel til visse føremål, mellom anna (...) – motorferdsel for transport av materialar til hytter, klopper m.m. (...) (verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.3, 2.strekpunkt). Herdefinerer vi naudsynt transport og bruk av motorferdsel i samband med utviding av utsiktsplassen innanfor denne regelen.

Nasjonalparkstyret har difor heimel til å gje løyve til utviding av utsiktsplassen i verneforskrifta kap. IV, pkt. 1.3 og heimel til å gje løyve til naudsynt motorferdsel knytt til tiltaket i pkt. 4.3.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan virke inn på naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Målet med utviding av utsiktspunktet i Kjenndalen er å leggje betre til rette for dei store mengdene med besøkande turistar som kjem puljevis til Kjenndalen, slik at dei ikkje slit unødige mykje på landskap og vegetasjon.

Tilrettelegging av ei «rundkøyring» med fleire mindre opphaldsområde, der dei besøkande vert styrt i gjennom i ei retning, vil kunne gje fleire av dei besøkande ei god nasjonalparkoppleving samstundes som vegetasjon og landskap rundt utkiksplassen vert skåna for unødige trakk.

Nasjonalparkforvaltar vurderer at utviding og oppgradering av utsiktsplassen ved Kjenndalsbreen vil vere eit positivt tiltak for lokal næringsliv samstundes som det vil kunne skåne vegetasjon og landskap for unødige trakk og slitasje.



Forvaltninga må vurdere nøye om alle dei føreslegne tiltaka skal etablerast. Nasjonalparkforvaltar er skeptisk til å leggje spesielt til rette med sykkelparkering ved utkiksplassen. Mykje sykling på turvegen kan skape problem for dei gåande i periodar med mange besøkande. Kva slag benkar som eventuelt skal setjast ut og plassering av skilt på plassen må og vurderast nøye. Særleg med tanke på at området er utsett for snøskred og fonnvindar.

På grunn av manglande kartgrunnlag er det vanskeleg å gje nøyaktige mål på tiltaka. Men tiltaka må uansett tilpassast på plassen av entreprenør. Nasjonalparkforvaltning og SNO må følgje entreprenør tett opp i byggjefasen, for å sikre best mogeleg terrengtilpassing av tiltaka.

Området framom utsiktsplassen er i ferd med å gro att med bjørk og kratt, ein naturleg suksesjon etter at breen har trekt seg tilbake. For å sikre godt utsyn mot frå utsiktsplassen treng det gjerast ein del utsiktsrydding i nokre viktige siktliner, til dømes i retning fossen i aust og breen i sør.

For å kunne gjennomføre prosjektet er det naudsynt med nokre inngrep. Det må nyttast motorkøyretøy i form av ei lite gravemaskin/minigravar og eit køyretøy til transport av massar. Inngrep i landskap og motorferdsel er ikkje noko ein skal ta lett på, uansett om det skjer i privat regi eller i forvaltninga sin regi. I denne saka vurderer vi likevel slik at dei positive verknadane med tiltaket er større enn dei negative verknadane av inngrep og motorferdsel. Vi vil difor tilrå at styret gjev dispensasjon til inngrep og motorferdsel.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saka (jamfør nml § 8) er godt. Området er synfart av forvaltninga og SNO fleire gonger. Førre-var-prinsippet i nml § 9 kjem ikkje i bruk her.

Jamfør nml § 10 skal ein vurdere om tiltaket, inkludert eventuelle liknande tiltak i framtida, kan gje ei samla belastning som er større enn området kan tole. Her er det heller snakk om å leggje til rette eit mindre område slik at belastninga i det mest sårbare området innover mot Kjenndalsbreen vert mindre. Så lenge tiltaket vert utført på ein skånsam og terrengtilpassa måte vil det ikkje føre til auka belastning, men heller redusere effekten av belastninga.

Nml § 12 set krav til at ein skal velje mest mogeleg skånsame metodar og lokalisering. Her er det viktig å gjere grundige vurderingar slik at dei rette metodane vert brukt på dei rette stadane, og at maskiner vert brukt på ein skånsam og fornuftig måte. For å unngå fare for å tilføre nye artar til området må idet ikkje nyttast anna enn reine mineral massar, utan organisk materiale. Det er heilt avgjerande med tett oppfølging av dei som skal gjere jobben i felt. Statens naturoppsyn har her ei sentral rolle, og ein må ha tydelege retningslinjer for arbeidet. Så lenge det er på plass er nml § 6 oppfylt.

ST 13/21 Delegerete saker



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse

Rådhuset i Luster
Statens hjørne
6868 Gaupne

Kontakt

Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3131

sfvlpost@statsforvalteren.no
www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen

Høgskulen på Vestlandet
v/ Mette Gillespie

Sakshandsamar Marthe Gjerde

Vår ref. 2019/8670-0 432.3

Dykkar ref. «REF»

Dato 17.03.2021

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve for ferdsel med snøscooter og utvida feltperiode for radarmåling i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet

Sender vedlagt delegert vedtak frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Marthe Gjerde
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
SNO Jostedalsbreen
Statsforvaltaren i Vestland
Stryn, Gloppen, Sunnfjord, Sogndal, Luster kommune



Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve for ferdsel med snøscooter og utvida feltperiode for radarmåling i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet

Delegert vedtak

I medhald av vedtekter frå Miljødirektoratet datert 7.september 2015 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyret i møte den 14.mars 2016 gjort vedtak om å delegere handsaming av einssilde saker av kurant karakter til sekretariatet. Vedtaket gjev sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalpark mynde til å treffe vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte heimlane i verneforskrifta.

I samsvar med delegeringsfullmakt vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta, å gje Høgskulen på Vestlandet v/ Mette Gillespie utvida løyve for motorferdsle fram til og med 30.04.2021, og utvida løyve til at i alt 7 snøscooterar kan nyttast i perioden 12/4 – 17/4 for radarmåling i samband med JOSTICE-prosjektet. Vilråa i rammeløyvet av 28.02.2020 er framleis gjeldande.

Løyvet gjeld på same vilkår som tidlegare gjeve rammeløyve, med unntak av at det er opna for motorferdsel til og med 30. april 2021, og at det er opna for at i alt 7 snøscooterar kan nyttast i perioden 12/4 – 17/4.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad på e-post frå HVL v/ Mette K. Gillespie datert 03.03.2021
- Rammeløyve helikopterlanding og snøscooterkøring i JOSTICE-prosjektet datert 28.02.2020

Søknaden:

Høgskulen på Vestlandet, heretter kalla HVL, søkte i e-post datert 03.03.2021 om utvida løyve på tal snøscooterar som skal nyttast i feltarbeid med radarmålingar for JOSTICE-prosjektet samt utvida løyve til feltperiode. Søknaden vart grunngjeven med at Covid-19-situasjonen, som gjorde at feltarbeidet ikkje vart gjennomført i det heile i 2020, også i 2021 legg føringar for feltarbeidet. Planen for 2021 er ganske lik planen dei opphavleg hadde for 2020. I tillegg er det ynskjeleg med litt ekstra fleksibilitet i feltperioden dersom dårleg vær forseinkar datainnsamlinga.

HVL planlegg som utgangspunkt aktivitet i området i perioden 9/4 – 28/4 i samsvar med løyvet gitt av nasjonalparkstyret for året 2021. Ei endring i høve opphavleg plan er at HVL grunna smittevern lyt dele opp felt-personalet i tre kohortar (1: HVL, Statkraft og Norgesguidene; 2: Universitetet i Bergen, 3: Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE). HVL skriv at det er vanskeleg å drive med smittevern i felt, og ved å dele opp feltpersonalet slik forhindrar HVL eventuell smittespreiing mellom grupper som er geografisk spreidde. Feltarbeidet vert då også mindre sårbart for eventuelle regionale reiserestriksjonar.

Dei tre kohortane vert så fordelt over tid og stad slik:

Område 1 og 2 (sjå kart)

- 9/4 – 19/4: 6 personar, 4 snøscooterar
- 19/4 – 28/4 (30/4): 2 personar, 2 snøscooterar

Område 3


- 12/4 – 17/4 eller 19/4 – 24/4: 4 personar, 3 snøscooterar

Grunna denne større oppdelinga lyt HVL endre noko på opphavleg plan for snøscooter- og helikopteraktivitet. Det kan verte aktuelt i perioden 12/4 – 17/4 å ha 7 snøscooterar i felt samstundes (4 i område 1 + 2 og 3 i område 3, sjå kartfigur), noko som er 1 snøscooter meir enn opphavleg gitt løyve til. Dette gjeld kun dersom gruppe 3 dreg i felt i den fyrste perioden. HVL planlegg for minst snøscooteraktivitet på slutten av feltperioden, og det forventast ikkje at denne moglege endringa av løyve vil påverke annan aktivitet i området.

Uansett tilhøve ved feltarbeidet forventar HVL å halde seg innanfor opphavleg totalramme på maksimalt 50 landingar med helikopter innanfor vernegrensa fordelt på to år. HVL vil informere lokalbefolkninga om planlagt motorisert aktivitet i forkant via JOSTICE medier og lokale Facebook-grupper.



Rammeløyvet datert 28. februar 2020 avgrensar feltperioden til og med onsdag 28. april 2021. HVL forventar at denne perioden er tilstrekkeleg, men ynskjer forlenging av feltperioden dersom vêrtilhøve fører til forseinkingar i datainnsamlinga. HVL søker dermed om utvida løyve for motorferdsel fram til og med fredag 30. april 2021, altså ei utviding av løyvet på to (2) dagar for ekstra fleksibilitet.





HVL sitt gjeldande rammeløyve for helikopterlanding og snøscooterkøyring i JOSTICE-prosjektet:

HVL har eit rammeløyve som vart gitt 28. februar 2020. Løyvet gjaldt inntil seks snøscooterar totalt, og totalramma for tal helikopterlandingar innanfor vernegrensa vart sett til 50 over to år.

Frå saksprotokollen, styresak 5/20 , frå møte 24.02.2020:

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, med i heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta, løyve til Høgskulen på Vestlandet v/Mette Gillespie for motorisert ferdsle med snøscooter og landing med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med innsamling av forskingsdata i JOSTICE-prosjektet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- 1. Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området, og den skal gjennomførast mest mogeleg konsentrert i tid.*
- 2. Løyvet gjeld for perioden 24. februar til og med 30. april 2020 og i perioden 1. januar til og med den 28. april 2021. Løyvet gjeld ikkje heilagdagane i påska.*
- 3. Løyvet gjeld for tre lag à to scootere, altså maks seks snøscootere totalt, som skal følgje hovudlinjene i kartet vedlagt søknaden, jf. saksutgreiinga.*
- 4. Totalramme for tal landingar med helikopter innanfor vernegrensa er sett til 50 over to år. Ramma skal dekke frakt tur/retur av seks snøscootere, forskingsutstyr, proviant og mannskap. Primær landingsplass er Steinmannen, men dersom ein ikkje kjem seg fram med scooter over heile breen kan helikopteret lande med naudsynt utstyr sørvest for Bings gryte og nordaust for Lodalsbrekka for å fullføre datainnsamlinga.*
- 5. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen eller nasjonalparkforvaltar skal varslast før flyging, og forvaltar kan utsette flyging i særleg uføresette tilfelle.*
- 6. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg rapport i etterkant av feltarbeidet, og om de har gjort eventuelle observasjonar av dyr/spor/etc. undervegs.*

Dersom vanskelege vêrtilhøve eller andre forhold tilseier at løyvet treng utviding i tid, rom eller omfang, kan forvaltninga gjere dette med delegert mynde.

Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er ansvarleg for å innhente løyve frå Luster, Sogndal, Gloppen, Sunnfjord og Stryn kommune, samt frå grunneigararar.



Lovgrunnlag:

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel i samband med vitskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon. Fylgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Som for så mykje anna, medførte Covid-19 situasjonen at planlagt feltaktivitet i 2020 for HVL og JOSTICE-prosjektet vart utsett i sin heilskap. Prosjektet har søkt Forskningsrådet, og fått innvilga, utviding av prosjektet slik at det også vil vare inn i 2024.

HVL planlegg som utgangspunkt aktivitet i området i perioden 9/4 – 28/4 i samsvar med løyvet som blei gitt i 2020 av nasjonalparkstyret. Grunna Covid-19 situasjonen som også for våren 2021 legg føringar for utføring av feltarbeidet, lyt feltarbeidarar delast inn i kohortar og vidare lyt desse fordelast over fleire stader. Nasjonalparkforvaltar vurderer det som lite truleg at Covid-19 situasjonen vil vere førande for gjennomføring av feltarbeid ved seinare høve og at denne spesielle smittesituasjonen vil oppstå igjen. Det er difor liten fare for at denne saka skapar presedens for utviding av tal snøscooterar i felt samstundes.

Flyging to dagar seinare enn det som er vilkåra i rammeløyvet vil ikkje medføre auka samla belastning på naturverdiar, sidan tal turar vil vere det same (nml § 10).

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt.



Nasjonalparkforvaltar veit at det mellom anna er planlagt oppstart av Josten på langs-turar med utgangspunkt i breoppgang ved Fåbergstølsbreen frå og med 30. april. Tiltakshavar forklarar at det er planlagt minst snøscooteraktivitet ved slutten av feltperioden (nml § 10).

Nasjonalparkforvaltar vore i kontakt med forvaltarkollega i Breheimen med omsyn til villrein i Reinheimen-Breheimen stamma som kan kome over mot Austdalsbreen-området og om utviding av løyve i tid og omfang kan forstyrre denne. Vanlegvis er det ikkje rein der på den tida av året, men det kan komme bukk mot den kanten i mai/juni. Utvida løyve i tid og rom er dermed ikkje eit trugsmål mot villrein (nml § 8).

Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis for motorferdsel i verneområda. Ei mindre flytting av perioden med motorferdsel og tal snøscooterar i felt samstundes i 2021, med grunnlag i koronasituasjonen, gjev liten grunn for å frykte uføresette verknader som gjer det relevant å vise til nml § 9 i denne saka.

Det er viktig at bruken av helikopter og snøscooterane er effektiv (nml §§ 10 og 11).

Helikopter og snøscooter er naudsynte hjelpemiddel til arbeidet (naturmangfaldlova § 12).

Nasjonalparkforvaltaren vurderer at utvidinga av tal snøscooterar samstundes i felt frå 6 til 7 i perioden 12/4 – 17/4, samt forlenginga av feltperioden med to dagar fram til og med 30. april 2021 ikkje er i strid med verneføremålet, og heller ikkje medfører negativ påverknad på naturmangfaldet.

Nasjonalparkforvaltar minner om at gjeldande rammeløyve gjeld ut feltsesongen 2021, og at nytt løyve må søkjast nasjonalparkstyret for 2022.

ST 14/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

RS 8/21 Referat møte i Fjærland 1. mars

RS 9/21 Basiskartlegging i Vestland 2021 (8-VL) - Erdalen og Bødalen